

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Stein Kittelsen  
Arkivsaksnr.: 17/1395 - 16

Arkiv: 145

### Planlagt behandling:

Formannskapet  
Kommunestyret

## BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018 - 2021

### Saksgang:

Økonomiutvalet har i møtet 30.10.2017 sak 6/17 gitt tilråding til formannskapet vedk. budsjett 2018 og økonomiplan for perioden 2018-21. Tiltrådinga er publisert på kommunen sin nettside, og sendt på intern høyring med frist for uttale 23. november.

Handlingsplanen blir lagt ut til offentlig høyring i samsvar med kommuneloven §§ 44 og 45 frå 27. november til 11. desember.

Kommunestyret skal behandle budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021, i møte den 11. desember 2017.

Forslag til betalingssatsar går fram av vedlegg og kommentarar. Desse blir vedtekne som ein del av budsjettsaka så sant ikkje særskilde forhold tilseier at det blir eigne saksframlegg.

Lønsreservane og nokre av pensjonspostane er budsjettert i fellespostar. Rådmannen ber om fullmakt til å fordela desse på rammene i samsvar med resultata av lønsforhandlingane og endringar frå pensjonsleverandørane. Avvik i forhold til samla budsjett vil bli rapportert.

### Vedlegg:

- Økonomiutvalet si tilråding til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 er tilgjengeleg på kommunen si nettside under menypunktet "Økonomi", og på direkte link:

<https://www.klepp.kommune.no/planer-og-rapporter/utkast-budsjett-og-okonomiplan-2018-2021/>

Planen på nettsida vil bli oppdatert i samsvar med tilrådinga frå formannskap og vedtak i kommunestyret eit par dagar etter at vedtaka er fatta.

- Økonomiutvalet sak 6/17 (viser avstemming og mindretalsforslag)
- Innkomne uttalar vert publisert som vedlegg til saka når høyringsfristen er ute.

### TILRÅDING frå økonomiutvalet til formannskapet:

1. A Forslag til budsjett for 2018 og økonomiplan for 2018-2021 i skjema 1A, 1B, 2A, og 2B vert godkjent.  
B Nettoramme for kvart rammeområde for 2018 vert lagt til grunn i utarbeidinga av rammene for 2019.
2. Forskotsskatt og forskotstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2018.

- Skatt på inntekt xx,x %
- Skatt på formue x,x %

3. A Til finansiering av investeringar i 2018 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 227.138.000,- som fordeler seg slik:
  1. Ordinære investeringar kr 202.138.000
  2. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån) kr 25.000.000
- B Nedbetalingstid på lån 2018, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskrida 30 år. Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskrida 25 år.
- C Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement.
- D I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.
4. A Framlegg til mål 2018 vert godkjent.
- B Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
  1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
  2. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %
  3. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
  4. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukte lån) i < 60 % av driftsinntektene
5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssatsar vert vedtatt i samsvar med vedlegg.
6. Kommunestyret ber om at det ikkje blir arbeidd vidare med sal av meieritomta.
7. Kommunestyret ber om at barnehage Sporafjell 2023-2024, 43 mill. blir tatt ut.

Rådmannen i Klepp 16.11.2017 – Redigert 30.11.17 pga feil i taloppstillinga pkt 3.A.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*